

Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57643142
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
11.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/2124
Dykkar referanse

Fortun Bensinstasjon AS
6877 Fortun

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Terje Weka	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Dagny Alvik Frå Luster kommune: Inger Moe
Desse hovudtema vart kontrollert:	
<input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Miljørisikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input checked="" type="checkbox"/> Miljøsanering av kasserte køyretøy	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke og oljeavskillar <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikalier <input type="checkbox"/> Datablad
Bakgrunn for kontrollen:	
<input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input checked="" type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna:

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **4** avvik og gitt **1** merknad. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan 17.08.2015.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dagny Alvik
senioringeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi: Luster kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Fortun Bensinstasjon AS	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 972215627 Eigd av (foretaksnr.): 960552059
Stad og kommune: Fortun, Luster kommune	Kontrolldato: 26.05.15
Postadresse: 6877 Fortun	Anleggsnr. (internt nr.): 1426.0049.01
	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Dette var eit fellestilsyn saman med Luster kommune som er myndigheit for mellom anna forsøplingssaker. Denne rapporten er utarbeidd i fellesskap med kommunen.

Denne kontrollen er del av ein landsdekkande aksjon mot biloppsamlingsplassar som er gjennomført av alle fylkesmenn i samarbeid med Miljødirektoratet. Alle kontrollane i aksjonen er gjennomført i mai 2015.

Kontrollen ved Fortun Bensinstasjon AS vart gjennomført den 26.05.2015 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova vert haldne. I tillegg til ein rapport til den enkelte verksemda (dette dokumentet), vil Miljødirektoratet samle inn og summere opp resultatane frå aksjonen.

Rapporten inneheld omtale av avvik og merknader innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utleppsløve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdatab.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevningen. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan

17.08.2015. evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

4. Gebyr for kontroll med verksemd utan utsleppsløyve

Vi viser til varsel og omtale av gebyrplikt under kontrollen. Verksemdar skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemdar utan utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-7. Informasjonsark om gebyrsystemet vart delt ut på kontrollen.

På bakgrunn av medgått og venta ressursbruk må verksemda betale gebyr etter sats 4 i § 39-7 i ureiningsforskrifta for den gjennomførte kontrollen (kr. 4600,-). Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1	Verksemda driv delvis miljøsanering og deleplukking av bilar utan utsleppsløyve
----------------	--

Avvik frå: *Avfallsforskriften § 4-7*

Kommentarar:

Vurderinga til Fylkesmannen etter tilsynet er at dykkar aktivitet treng løyve etter ureiningslova § 11. Miljøsanering og deleplukking av bilar utan løyve er ulovleg. Verksemda må gjere ei vurdering om dei vil søkje om løyve eller om de vil avslutte denne delen av verksemda.

Avvik 2 Verksemda har opplagsplass for avfall som er skjemmande, og som kan føre til fare for ureining

Avvik frå: Ureiningslova § 28 første ledd, § 29 og § 7 første ledd

Kommentarar:

Det står lagra mykje diverse på eigendomen. Mellom anna står det lagra ein god del bilar, metallskrap, og maskiner. Eit grovt anslag er at det var 130 bilar lagra rundt på eigendomen. Mykje av det ber preg av at det har stått der i lengre tid. Avfallet er skjemmande og fører til fare for ureining. Dersom verksemda ikkje gjennomfører ei fullstendig rydding, kan kommunen eller Fylkesmannen fremje krav til opprydding. Fylkesmannen kan også setje nærare krav til lagringa. Dersom avfallet er lagra i meir enn eit år før det går til sluttbehandling eller meir enn 3 år før det går til gjenvinning, kan Fylkesmannen setje særskild strenge krav i samsvar med kap. 9 i avfallsforskrifta.

Lagringa av bilparken kan medføre ei fare for ureining då kjemikaliar kan leke ut og bli spreidde til omgjevnadane. Også gamle bilar som eigaren har tenkt å nytte som delebilar, vil representere ei fare for ureining. Lagringa av alt som er inne på området no verkar i tillegg skjemmande.

Eigar er pliktig til å gjennomføre ei opprydding av området, jf. § 28 tredje ledd og § 7 andre ledd, og levere det som ikkje lenger kan nyttast til lovleg avfallsanlegg, jf. § 32. Under tilsynet sa eigar at dei ville gjere ei opprydding.

Varsel om pålegg

Dersom ikkje verksemda kjem med ein tilfredstillande plan for opprydding, og kan dokumentere at oppryddinga er gjennomført, varslar vi at det vil bli krevd opprydding, jf. § 37, § 7 fjerde ledd og § 29. Dersom det kan vere tale om mellomlagring av noko av avfallet, varslar vi at Fylkesmannen vil vurdere å setje nærare krav til lagringa. Vesentleg svikt i gjennomføring/rapportering, vil verte følgt opp med varsel om tvangsmulkt, som er det verkemidlet ureiningslova legg opp til.

Avvik 3 Verksemda har mangelfull internkontroll

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta § 5*

Kommentarar:**Verksemda har ikkje avviksbehandlingssystem**

Det er viktig at det vert registrert avvik i forhold til ytre miljø for å unngå at forhold gjentek seg.

Det er ikkje utarbeida ei skrifteleg miljørisikoanalyse for ytre miljø

Verksemda har ikkje gjort ei kartlegging og risikovurdering av aktivitetar som kan føre til forureining. Verksemda må gjere ei vurdering på korleis deira aktivitet kan påverke det ytre miljø, og dette må dokumenterast skrifteleg. Døme på forhold som bør risikovurderast er om det er fare for ureining frå lagra bilar, vert farleg avfall handtert rett osv. Som følgje av risikovurderinga må det lagast ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak. Det er viktig at ein set opp kven som er ansvarleg for tiltaka, og når det skal vere gjennomført.

Avvik 4 Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), Kap 11: Farlig avfall*

Kommentarar:**Verksemda kan ikkje dokumentere at alt farleg avfall er levert til godkjent mottakar**

Verksemda har avtale med Franzefoss som hentar oljefraksjonar og bilbatteri. Andre fraksjonar med farleg avfall vert levert på miljøstasjonen, og her manglar det utfylt deklarasjonsskjema. Verksemda kan difor ikkje dokumentere at farleg avfall er levert til godkjent mottakar. Det er eit minimumskrav at farleg avfall skal leverast årleg dersom den totale mengda farleg avfall overstiger 1 kg. Verksemda må lage seg rutinar på handtering av farleg avfall som sikrar at alt farleg avfall vert levert til godkjent mottakar årleg.

Verksemda har ikkje tilfredsstillande lagring av farleg avfall

Krava for lagring av farleg avfall er at det skal lagrast forsvarleg. I det ligg det at avfallet skal vera merka med innhald, det skal vera sikra mot uhell og lekkasje og utilgjengeleg for uvedkommande. Verksemda lagrar det farlege avfallet inne i verkstaden, men under tilsynet var det nokre fat som skulle leverast som stod lagra ute, lett tilgjengeleg for uvedkommande.

7. Merknader

Desse merknadane vart påvist under kontrollen:

Merknad 1 Verksemda kunne ikkje dokumentere at dei har kartlagt om dei har eldre lysarmatur som inneheld PCB

Eldste delen bygget vart sett opp i 1967. Nokre av armaturane var av eldre dato. PCB vart forbode å bruke i Norge i 1980. Det er mogleg at armaturane inneheld PCB, og dette bør sjekkast ut. Ein elektrikar vil kunne slå fast om lysarmaturen faktisk inneheld PCB eller ikkje. PCB-haldig lysarmatur vart forbode å ha i bruk allereie frå 1. januar 2005. Men utfasinga kunne utsetjast til 1. januar 2008 dersom kartlegging, avfallsplan og plan for utfasing av armaturane vart laga av verksemda. Verksemda har ikkje kartlagt omfanget av mogleg PCB armatur i sine bygningar og kan difor ikkje dokumentere at lysarmaturen er fri for PCB.

8. Andre forhold

Fortun bensinstasjon driv både Shellstasjon, mekanisk bilverkstad, biloppretting og lakking. Verksemda er også forhandlar av Subaru, og driv med delesal av bilar.

Transport av farleg avfall

Det kom fram under tilsynet at verksemda køyrer avfall frå Hydro Energi. For å kunne transportere farleg avfall frå andre næringsverksemder treng verksemda eit transportløyve frå Miljødirektoratet.